

Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

KIRKEN

Sykehuskirken finner du i 1.etg. ved heisen i det gamle sykehusbygget. Fra Nye Haraldsplass finner du veien til kirken ved å ta heisen til 2. etg., gå over "broen" og ta heis eller trapp ned til 1. etg. Kirkerommet er alltid åpent, og du kan tenne et lys eller bare ha en stille stund for deg selv. Trenger du assistanse for å komme til kirken vil personalet eller frivillige følge deg dit.

Det er gudstjeneste med nattverd kl 11:00 de fleste søndager. Dersom du ønsker nattverd på rommet, sier du fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

Hilsen sykehusprestene

Karl Hjelmeland , John Kristian Rolfsnes og Kristin Lødøen Hope



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestedtjenester

Søndagshilsen

6. søndag i treenighetstiden

12.07.2020



Det er for tiden ikke gudstjenester i Sykehuskirken på Haraldsplass på grunn av koronasituasjonen

6. søndag i treeiningstida

Tekst: Luk 5,1-11

1 Ein gong stod Jesus nede ved Gennesaretsjøen, og folket trengde seg om han for å høyra Guds ord. 2 Då fekk han sjå to båtar som låg ved stranda. Fiskarane hadde stige ut av dei og heldt på å skylja garna. 3 Jesus steig ut i ein av båtane, den som hørde Simon til, og bad han leggja litt ut frå land. Så sette han seg og underviste folket frå båten.

4 Då han hadde tala ferdig, sa han til Simon: «Legg ut på djupet og set garna, så de kan få fisk.» 5 «Meister», svara Simon, «vi har streva i heile natt og ikkje fått noko. Men på ditt ord vil eg setja garna.» 6 Så gjorde dei det, og då stengde dei slik ei mengd med fisk at garna heldt på å rivna. 7 Dei gav teikn til arbeidslaget i den andre båten at dei skulle koma og ta i med dei. Og då dei kom, fylte dei begge båtane, så det var nære på dei sokk. 8 Då Simon Peter såg det, kasta han seg ned for Jesu føter og sa: «Gå frå meg, Herre! Eg er ein syndig mann.» 9 For både han og alle som var med han, vart fulle av otte og undring over fiskefangsten dei hadde fått. 10 Like eins var det med Jakob og Johannes, sønene til Sebedeus, som fiska saman med Simon. Men Jesus sa til Simon: «Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske.» 11 Så rodde dei båtane i land, gjekk frå alt og følgde han.



Då livet snudde

Nokre gonger skjer det ting som forandrar livet totalt. Det kan vere positive eller negative hendingar som gjer at livet blir radikalt annleis etterpå. Her på sjukehuset kan nok ein del fortelje at sjukdommen har snudd opp-ned på livet.

Andre opplevde at livet snudde til det betre fordi dei møtte eit bestemt menneske eller fekk eit bestemt oppdrag.

I bibelteksten denne søndagen kan vi lese om apostelen Peter og fiskarkollegaene hans Jakob og Johannes. Ein dag kjem det ein mann og bed dei dra ut å fiske. Trass i at dei var profesjonelle fiskarar og at dei hadde prøvd heile natta med dårleg resultat, var det noko spesielt med denne mannen—ein spesiell autoritet— som gjorde at dei drog ut og gjorde som han sa. Og så skjedde det uventa. Garnar var fulle med fisk.

I samme stunda skjønar Peter det. Denne mannen, Jesus frå Nasaret, er ikkje ein vanleg mann. Han har himmelkreftene med seg. Og då Jesus utfordrar han, tek Peter også det på alvor og forlet alt og følgde han. Seinare vart Peter apostelen som fekk ein sentral plass då den kristne kyrkja vart grunnlagd.

Seinare har mange menneske spreidd over jorda møtte Jesus gjennom bibelordet. Om ikkje alle har opplevd det like dramatisk, så er det mange som har fortalt at møtet med Jesus forandra livet på ein gjennomgripande god måte.

God helg!

Karl Hjelmeland

Sjukehusprest